

Grantenning i finver

02.12.2011



Bjørgulv Eik har ikkje forsømt ei grantenning

Det er ikkje ofte at uskedelingane kan tenna si kjære, permanente julegran i finvær med tilnærma vindstille og måneskin, men det skjedde i kveld. Difor var det også mange som lot seg lokka til GRANO og det som gjekk føre seg også i Gamleskulen, Helgheim og eit telt. Som vanleg var det godt organisert av Damevennene og vi vil tru at det vart eit bra overskot til eit godt føremål.



Børsdalsnissen er ein moderne nisse. No skriv han til og med autografer.

I Helgheim selde skule-elevane mykje spennande. Veit du til dømes kva ei mosetussse er? Det er eit bit natur som elevane hadde sett på TV.

Tova produkt var det fleire av og julekarta gjekk også unna. Ved døra sat Ann Kristin Olsen med ei imponerande samling juleprodukt som ho har laga heime på Myklebust. Og i underetasjen vart det fortært betydelege posjoner med julegraut.



Første klasse selde kremmarhus med noko godt i

I Gamleskulen kosta det ein skulle fortæra berre 10 kroner, men denne dagen var det altså ikkje TI-aren men Damevennene som var i funksjon. I teltet vart det mellom ana lokka med nysteikte lappar, kaker, spekemat og sild og salet var bra såvidt ein kunne bedømma.



#### Femteklassingane selde tova saker og englar

Særleg positivt var det at Musikklaget utan problem kunne spela ute og i ly av den grana dei har ansvar for. Denne gongen var det korkje særlig kaldt, blautt eller vindfullt og det tradisjonsrike korpset imponerte igjen. Eit fast og kjært innslag i programmet er Børsdalsnissen som hadde fått solid førehandsreklame i Uskedalsposten og var i storform. Han er ein moderne nisse, no skriv han til og med autografar. Og så spelar han på pianoet i Gamleskulen, noko ikkje minst ungane set pris på.



Og så skin ho att.....

Det var trivelege timar men då dei var over tok det til å blåsa att.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Produkta til Ann Kristin Olsen imponerte